



Årsmelding for år 2012.

(Endringar / tillegg frå årsmøtet 14.mars 2013 er innarbeida)

Årsmøtet vart halde på Åsvang 1.mars 2012.

Desse var til stades frå styret:

Ivar Hemsing, Ingrid Skavhaug, Jørgen Andrisson Kvam og Oddbjørn Skeie. Jan Sparstad meldte avbod. Andre som var til stades var Nils Leine, Kari Hagaseth og Andris Kvam.

Val av nytt styre:

| | |
|---------------------|-------------------------------------|
| Leiar: | Ingrid Skavhaug (tok gjenval) |
| Styremedlem: | Ivar Hemsing (ikkje på val) |
| Skrivar | Oddbjørn Skeie (tok gjenval) |
| Kasserar | Jan Sparstad (ikkje på val) |
| Ungdomsrepresentant | Jørgen Andrisson Kvam(ikkje på val) |

Revisorar: Arne Belsheim og Boye Thorpe (attval)

Valnemnd:
Björg Berge (ikkje på val)
Knut Haalien (ny)
Inger Mona Bjertnes (går ut)

Medlemstal pr. 31.12.2012: 34 stk.

Om instrumenta i laget: I 2011 vart det kjøpt nye boger og ryggsekke/skrin til å ha på ryggen til tre hardingfeler.

19.november fekk laget ei fele av styremedlem Oddbjørn Skeie. Denne fela er laga av Ola Grihamar d.e. Han er bestefar til Oddbjørn. Oddbjørn ønskjer at denne fela skal brukast til opplæring av nye hardingfelespelarar i Valdreskvelven. Det vart kjøpt inn ny boge til fela.

I laget sitt eige:

Ein langeleik (er hos Jan Sparstad)
Fire hardingfeler:
- Tre hardingfeler med boge og skrin
- Ei hardingfele med boge, utan nytt skrin.(«Grihamarfela»)
Tre mindre, "flatfeler".
Ein kontrabass
Etter Rockeverkstad i Thorpe: Ein mixar, div stativ, mikrofonar, kablar og to høgtalarar. (Vart henta til Åsvang i 2012)
Her er det mange gode mikrofonar og mikrofonstativ

Satsane for utleige av instrument: kr. 350,00 pr. halvår.

Styremøte: Styret har hatt fire møter. Mykje aktivitet er også blitt organisert med epost og telefonar.

Kappleikar:

Valdreskappleiken:

Felegruppa deltok på Valdreskappleiken i Ulnes. Vårflaumen spel- og dansarlag var arrangør. Jan Sparstad deltok på fele. Fleire juniorar utmerka seg positivt på hardingfele.

Landskappleiken:

Landskappleiken var i år på Otta. Solveig Vatn Weisser fekk fyrste premie i langeleikspel i juniorklassa «Eldre folkemusikkinstrument». Ho deltok også på hardingfele. Tora Skavhaug Vik deltok i dans hardingfele klasse B, og kvalifiserte seg til dans hardingfele klasse A.

Landsfestivalen for gamaldans:

Ole Kristian Fredriksen, Tom Kjetil Tørstad og Tørstad & Co spelte på landsfestivalen for gammaldans i Vågå.

Jørn Hilme-stemnet:

Felegruppa spelte til dans laurdagskvelden. Det var svært god stemning under spelinga! Tora Skavhaug Vik deltok i dans klasse A for første gong. Jørgen A. Kvam deltok med godt spel i si klasse.(Spel hardingfele, klasse C (junior)). Margrete Bergli spelte toradar.

Strunkeveko:

Det var deltakarar frå Valdreskvelven også i år, men dei har ikkje søkt om stønad frå Valdreskvelven i år. Leiar har sagt til dei som deltok, at søknad om stønad kan kome i ettertid.

Årsmøte Valdres folkemusikklag. Ingrid Skavhaug møtte som utsending for Valdreskvelven.

Årsmøte FolkOrg: Oddbjørn Skeie var representant for Valdreskvelven, 21.april i Oslo.

50 års jubileum:

Valdreskvelven spel- og dansarlag feira 50 års jubileum i 2012. Det vart feira med Vangseik og femtiårsjubileum, laurdag 10.11.2012 på Åsvang:



Jubileet starta på fredag med eit kurs i Argentinsk tango. Her var Nina Bendiksen instruktør.



14 deltakarar på kurs i Argentinsk tango. Foto: Ingrid Skavhaug
Susanne og Ivar lærer etter notabok. Mor og dotter i intens konsentrasjon.. (Synnøve Kvam og Anne Heidi Kvam Hillestad
Foto: Ingrid Skavhaug

Feiringa på laurdag starta med ein uhøgtidleg kappleik kl 18.00.

Desse var med: Margrete Bergli, Oddbjørn Skeie, Alistair Peters, Kari Hagaseth, Ivar Hemsing og Ida Østvold.

Eit saueskinn frå Sparstad, med påskrift og dekor av Inger Sørum, var hovudpremie. Den vart trekt blant deltakarane og den heldige vinner vart Ivar Hemsing.



Margrete Bergli spelte toradar på Vangsleiken 2012. Nina Bendiksen med sine gitaristar spelte argentinsk tango. Bilde: O. Skeie og N. Rogn.

Etterpå var det konsert med Argentinsk tangomusikk. Det var Nina Bendiksen saman med dei to argentinske gitaristane Gregori Gavito og Gustavo Pollastri. Vår eigen Oddbjørn Skeie, var med på gitar, på nokre nummer.

Deretter var det presentasjon av jubilarnten. Nils Rogn, Nils Leine, Kari Hagaseth og Bjørg Berge hadde laga eit jubileumshefte, og presenterte historia til laget på skjerm, med lyd og bilete. Ola Grihamar d.y. spelte Bruerslått etter Ivar Ringestad, etter form av Ola Grihamar d.e. og «Sjå solens skjønne lys og prakt», salmetone frå Vang.

Sylvknappen:

Som siste innslag i programmet, før mat og dans, vart «Sylvknappen» for 2012 tildelt Solveig Vatn Weisser, som med langeleiken vann juniorklassa, eldre folkemusikkinstrument på Landskappleiken.

Sylvknappen vart delt ut for fyrste gong i 2011. Med den ønskjer Valdreskvelven å gjøre ære på den eller dei som har gjort ein ekstra innsats eller oppnådd særst gode resultat i året som gjekk. Sjølvknappen er ein støypt sylvknapp frå «Høvda sylv og tre», lagd etter ein modell frå Sparstad.

Aktivitetar:

Fele

Felegruppa har vore aktiv i år! I snitt har dei hatt to øvingar i månaden i vintermånadene. I tillegg har dei spela til dans ved fleire høve, og hatt ekstra øvingar i forkant av speling på Valdres radio, torsdag 8. november. Totalt i 2012 har dei hatt godt over 20 øvingar. Fram til sumaren var øvingane under leiing av Laura Ellestad.

Trekkspel / Toradar / Kontrabass

Tørstad har også ofte spela til dans rundt om i Valdres. Ikkje faste øvingar i regi av Valdreskvelven.

Langeleik

Ein elev går i Kulturskulen og har Bjørg Berge som lærar. Dei vaksne har framleis ikkje kome i gang med felles speling.

Dansekveldar

Valdreskvelven har heller ikkje i år hatt faste dansekveldar, men me har vore invitert til

Vestre Slidre folkemusikk og danselag på dansekveldar. Her har me vore med både dansarar og felespelarar.

Aktivitetslogg:

* Felegruppa hadde ein fin seinsommar-ettermiddag på Sanddalen; sosialt, liten konsert og avslutning for Laura Ellestad.

* Felegruppa spelte på Vang historielag sitt temamøte om «Reindrift i fjellet» på Tyinholmen sist på sommaren.

* 8.november 2012: Felegruppa hadde eit langt og triveleg innslag på Valdres radio! Godt spel!

Igjen vil vi trekke fram, at i tillegg til dei aktivitetane som er nemnd, deltek medlemma i laget på forskjellige måtar; spelar til underhaldning, held kurs, er dommarar, køyrer, er publikum, organiserar og stiller som vaktar på dei store arrangementa i Valdres folkemusikklag, for å nemne noko. All deltaking er av det gode, så tusen takk til alle.

Vang i Valdres, mars 2013

Oddbjørn Skeie
Skrivar

Ingrid Skavhaug
Leiar

Vang i Valdres 26.10.2013:

Endringar / tillegg frå årsmøtet 14.mars 2013 er innarbeida.

Ingrid Skavhaug